

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 13.02.2018
SAKSHANDSAMAR: Bård Humberset
SAKA GJELD: **Internrevisjonsrapport - Risiko knytt til matforsyning**

ARKIVSAK: 2018/34
STYRESAK: **034/18**

STYREMØTE: **07.03. 2018**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka set i verk.
2. Styret vil understreke at anbefalinga om å melde avvik i Synergi gjeld alle helseføretaka og deira institusjonar.

Kommentarar

Formålet med internrevisjonen har vore å undersøkje kva system føretaka har for å sikre matforsyninga, og om dette er tatt med i beredskapsplanlegginga. Det er i tillegg undersøkt om det er utført risikoanalysar av matforsyninga i helseføretaka.

Hovudkonklusjonen er at helseføretaka er komne langt i beredskapsarbeid generelt, og at ein kan vurdere å vidareutvikle det til å omfatte matforsyninga. Helse Vest sin beredskapsplan er eit godt utgangspunkt for å vurdere risiko og sårbarheit innan matforsyning. Når det gjeld å sikre trygg matforsyning har institusjonane i hovudsak internkontrollen, IK-mat, på plass. Det er dedikerte medarbeidarar med høg kompetanse innan mattryggleik som er ansvarleg for systema. Dette bidrar til å sikre at pasientane på institusjonane får servert trygg mat.

Internrevisjonen vil gi ei tilbakemelding til revisjonsutvalet om oppfølginga i RHF-et når det er gått ei tid. Det vil venteleg skje mot slutten av 2018.

Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling i sitt møte 7. februar 2018 og gjorde følgjande vedtak: (Førebels ikkje formelt godkjent)

«Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka set i verk.

Revisjonsutvalet vil understreke at anbefalinga om å melde avvik i Synergi gjeld alle helseføretaka og deira institusjonar.»

Formuleringa blir òg lagt inn i forslag til vedtak for styret.

Vedlegg:

Revisjonsrapport – Matforsyning